

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 17/622-5

**PreForm AS, Fjaler - tilskot til drift****Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. PreForm AS får eit tilskot til drift i 2018 på 300 000 kroner.
2. Tilskotet vert retta inn til løn og honorar til personressursar som driv arbeidet vidare, med dei føringane som er gitt i søknaden og saka.
3. Tilskotet vert henta frå programområde 4005, til disposisjon for hovudutval for næring og kultur.
4. Det er vilkår at det vert levert rapport og rekneskap for tiltaket.

**Vedlegg:**

1. Søknad frå PreForm AS av 30.01.18 med vedlegg budsjett
2. Uttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 27.01.17 om eigarskap og ev. sal av Transplant.
3. Uttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 09.02.18 om løyvde midlar til etablering av Transplant-bygget.

**Andre relevante dokument i saka:****SAKSFRAMSTILLING****1. Bakgrunn for saka****1.1. Grunnen for at saka er fremja**

PreForm AS har fått midlar frå Kulturrådet si tilskotsordning Kreativ næring - Regional bransjeutvikling. Dei søker om fylkeskommunale midlar til prosjektet.

**1.2. Historikk***Bulystprosjektet PreForm*

PreForm starta som eit kommunalt bulystprosjekt. Forprosjektet fekk støtte av Kommunal og regionaldepartementet i 2010.

PreForm ville leggje til rette for, og vise at, profesjonelle kunstprodusentar gjerne kan bu på mindre stadar og samstundes vere attraktive for den nasjonale og internasjonale marknaden. Ved å satse slik på etablering av eit aktivt og stort kunstnarmiljø vil ein bidra til å auke livskvaliteten til innbyggjarane i regionen.

Av eit totalbudsjett på 4,86 mill. kr. vart det løyvd prosjektmidlar frå KRD i 2011 – 2013 på totalt 1,8 mill. kr (37%). Sogn og Fjordane fylkeskommune løyvde 34 %, 1,64 mill. kr i 2011- 2014. Fjaler kommune vil etter justert budsjett løyve kr 1,46 mill. kr (29%).

Prosjektet vart avslutta i 2014 med ein sluttrapport og ein strategi for vidare arbeid.

### PreForm AS

I juni 2014 møtte Fjaler kommune og fylkeskommunen Kulturdepartementet og Norsk Kulturråd. Dåverande kulturminister gjesta også Dale like etter. Målet var å sende søknad om vidare arbeid med kultursatsinga i Fjaler i september 2015. Etter møtet fekk ein råd om at kommunen ikkje kunne stå som søkjar til dei aktuelle ordningane og difor vart PreForm AS etablert. PreForm AS er eigd av 18 enkeltkunstnarar frå regionen, Jakob Sande Selskapet, Nordisk Kunstnarsenter, Teaterfestivalen i Fjaler og Fjaler Kommune. PreForm AS vil bygge vidare på erfaringane i bulystprosjektet og vidareføre fleire av dei viktige tiltaka.

#### Frå vedtektene:

*«Selskapet skal yte rådgjeving til kunst/kulturprodusentar og den kreative næringa i Fjaler kommune og nærområda, herunder sikre at profesjonelle kunstnarar får stilt til rådvelde lokale for kunstproduksjon og kunstnarleg utvikling, samt medverke til å utvikle, profesjonalisere og auke kvalitet på kulturprodukta i Fjaler kommune.»*

PreForm AS sine oppgåver:

- Syte for å betre gjennomføringsevna til kulturprodusentane i Fjalermiljøet.
- Samordne lokale ressursar og sjå etter synergjar.
- Syte for naudsynt infrastruktur og produksjonslokale.
- Legge til rette for gjennomføring og initiativ frå lokale kunstnarar.
- Legge til rette for å gjennomføre prosjekt etter initiativ frå nasjonale samarbeidspartar.

PreForm AS har ikkje motteke tilskot frå fylkeskommunen i 2015 - 2017.

#### Fjaler kommune og lokalar til kulturaktivitet

Eit sentralt punkt i Fjaler kommune sitt arbeid har vore å sikre eit lokale til kulturaktivitet i Fjaler. Transplantbygget vart i si tid etablert som eit kulturbygg, der Fjaler kommune har motteke både kulturmidlar og næringsmidlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkesdirektøren vil ikkje gå nærare inn på historia her, men konstaterer at Fjaler kommune no sel Transplant og har kjøpt Coop-bygget i Dale sentrum og vil nytte dette som eit kulturhus. PreForm AS er her tenkt inn i bygget som skal fungere som eit fleirbrukshus med plass til bibliotek, ungdomstilbod, scene og amfi med faste installasjonar til lyd og lys.

Funksjonane som var planlagt i Transplant skal overførast til dette bygget. PreForm har spelt inn sine behov. Dei er i ein ny situasjon sidan dei i større grad er avhengig av samarbeid med kommunen sine aktivitetstilbod og andre brukarar i bygget.

Tidsramma for kommunen sitt arbeid med kulturbygget er:

- Første utkast prosjektplan; februar 18
- Ombyggingsstart; nov 18
- Ferdigstilling; mars/april 19

Sogn og Fjordane fylkeskommune gav 27.01.17 uttale i samband med Fjaler kommune sitt arbeid med Transplant og ev. eigarskap eller sal av dette. Her uttaler fylkesdirektøren m.a.:

*«Fylkeskommunen ønskjer å følgje det vidare arbeidet med PreForm. Fylkesdirektøren ser potensiale i dette arbeidet og vi kan kople det til regionale og nasjonale strategiar innan kreative næringar og kulturnæring. Fylkesdirektøren ser at Transplant-bygget er ein vesentleg del av biletet, men vil i framtida fokusere merksemda og ev. økonomisk medverknad mot PreForm-samarbeidet, som skal sikre økonomien i prosjektet.*

*For å ta arbeidet vidare er det ein føresetnad at både kommunen og aktørane er med i eit forpliktande samarbeid. Det er også naturleg å kople på HAFS-utvikling i dette arbeidet.»*

#### Nasjonal satsing – Regional bransjeutvikling, Norsk kulturråd

PreForm AS søkte hausten 17 kulturrådet om 1,2 mill. kr i støtte gjennom tilskotsordninga Regional bransjeutvikling. Der vart det lagt inn 0,4 mill. kr som fylkeskommunal eigendel pr. år i 2018 – 2020.

Kulturrådet løyvde 0,15 mill. kr til PreForm AS i 2017 for prosjektperioden 2018 – 2020. Løyvinga var øyremarka til ein spesifisert del av søknaden - seminar, nettverksmøter og strategi- og konseptutvikling.

#### 1.3. Kreativ og kunstnarisk næring i Sogn og Fjordane

Det er ikkje gjort ei grundig kartlegging av sysselsette i kreativ verksemd og kulturnæringane i Sogn og Fjordane. Næringsbarometeret for Hordaland og Sogn og Fjordane viser at

kulturnæringane (inkl. kulturbasert næringsliv) sysselset om lag 500 personar her i fylket, eller mellom ein og to prosent av sysselsetjinga - mot 4,5 % på landsbasis.

Innanfor den kunstnariske og kreative næringa finst ikkje sterke konsentrasjonar i Sogn og Fjordane. Fylkesdirektøren sitt inntrykk og oversikt seier at ein finn det sterkaste miljøet i Fjaler kommune, der ein har gjort eit godt forsøk på å samle næringa, styrke og fremje den. Kommunen har også ei medviten og aktiv rolle til kulturnæringsverksemd.

#### 1.4. Sentrale problemstillingar

PreForm AS har arbeidd sidan avslutning av bulystprosjektet med å ta konklusjonane i prosjektet vidare og skape rammer for kulturell og kreativ næring i Fjaler, men også med eit regionalt perspektiv på arbeidet, da PreForm AS kan sørve eit større omland. Etter fylkesdirektøren si vurdering har PreForm kome til eit vegskilje, der ein må legge ned arbeidet eller ta det vidare i ei anna form enn dugnad. PreForm si vurdering av kva ein treng for å kome vidare er eigna lokale til aktiviteten og ein stillingsressurs til å arbeide med innhald.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Det er fleire indikasjonar på at arbeidet til PreForm AS no kan gå inn i ein ny fase. Kulturbygg-planane til Fjaler kommune er avklart og PreForm AS er ein del av planane for vidare gjennomføring. I tillegg har PreForm AS motteke kulturellmidlar til regionale bransjetiltak. Dette er eit godt utgangspunkt for å gå vidare.

### 2.1. Økonomi- og budsjettkonsekvensar

PreForm AS har lagt eit budsjett for 2018 på 0,71 mill.kr., av dette er 0,2 mill. utgifter til planlegging av kulturbygget, føresett dekkja av Fjaler kommune. Fylkeskommunalt tilskot er sett til 0,4 mill. i 2018 og 0,5 mill. i 2019 og 2020.

### 2.2. Vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at på bakgrunn av at dette er ei svak næring bør fylkeskommunen gå inn og stimulere til vekst blant fleire typar kulturnæring. Dette gjeld særleg det frie feltet, filmnæring og kreativ/kunstnarisk verksemd.

Innanfor kreativ/kunstnarisk verksemd finn ein det største og mest samla miljøet i fylket i Fjaler. Dette er likevel skjørt og treng å støttast opp om.

Fylkeskommunen sitt mål bør vere å støtte opp om ei oppbygging av eit basistilbod/-service som skal tene næringa og sette fleire i stand til å leve betre av verksemda si og å styrke næringstenkinga i verksemda. Dette er ei oppfølging av konklusjonane i bulystprosjektet.

Over tid (t.d. i ei innsatsperiode på 3 år) må dette tilbudet utviklast og ein må styrke eigenevna til PreForm AS slik at tilbudet kjem over kritisk nivå og opp på eit ønskja nivå. Dette inneberer også at fylkesdirektøren i perioden ønskjer å sjå at eigeninntektene vert auka.

Ramma for søknaden til kulturellmidlar er minska monaleg, på bakgrunn av dette er det naturleg at rammene vert justert og fylkeskommunen sitt tilskot harmonisert noko i høve til søknaden. Likevel ønskjer fylkesdirektøren å sikre gjennomføring av prosjektet gjennom ei løyving som sikrar ein profesjonell leiing og rettar difor tilskotet til inn løn og honorar til ressurspersonar som driv arbeidet vidare. Dette vil utfylle tilskot frå Norsk kulturåd.

## **3. Konklusjon**

Fylkeskommunen vil i 2018 støtte opp om PreForm AS sitt vidare arbeid som eit satsingsområde innan kulturelle og kreative næringar i regionen. Løyvinga er knytt til personressursar som kan utvikle innhaldet i satsinga.

Fylkeskommunen har som intensjon å løyve midlar årleg i 2018 – 2020 frå midlar til utviklingstiltak som står til hovudutval næring og kultur sin disposisjon. Dette under føresetnad av framdrift i prosjektet, og eit godt arbeid med å skape eigne inntekter. Ny søknad må ligge føre i 2019.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)